



Vang kommune
Etat for utdanning og kultur



Handlingsplan mot mobbing og utanforskap



Utdanning og kultur
- Barnehage -
01.03.2023



Innholdsfortegnelse

Handlingsplan mot mobbing og utanforskap.....	2
Bakgrunn for plan	2
Sentrale føringar.....	2
Lov om barnehage	2
Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver	2
Hovudmål	5
Delmål.....	5
Krenking.....	5
Mobbing	5
Kva er mobbing?	5
Smart oppvekst i Vang	6
Forebygge.....	8
Avdekke	9
Handle.....	10
Kontinuitet og systematikk i barnehagens arbeid.....	12
Tips om litteratur til arbeidet	13
Sjekkliste 1 barnehagens oppvekstmiljø vedlegg 1.....	14
Sjekkliste 2- Barnehagens oppvekstmiljø - miljøet i barnehagen vedlegg 2.....	15
Sjekkliste 3 Psykososialt arbeidsmiljø VAKSNE vedlegg 3.....	16
Egenrapportering – oppvekstmiljøet i barnehagen – vedlegg 4	16
Tiltaksplan for å sikre eit trygt og godt barnehagemiljø vedlegg 5.....	0
Intervjuguide for barnesamtalar (bruk eit ordforråd som borna skjønar) vedlegg 6	0
Intervjuguide for vaksne, gjerne i medarbeidarmøter og til refleksjon på personalmøter Vedlegg 7.....	2
Eksempel på utfylling av relasjonsskjema barn-vaksen vedlegg 8.....	0
Eksempel på kartleggingsskjema- Relasjonar- Vedlegg 9	0



Handlingsplan mot mobbing og utanforskap

Bakgrunn for plan

Forskning vise at krenking startar allereie i barnehagen. Barnehagen er ein viktig arena, og barnehagane i Vang kommune har fokus på «tidleg innsats».

Side | 2

Barnehagen har fått nytt regelverk for barnehagemiljø. Ny barnehagelov frå 01.01-2021 seier at den nye mobbeloven skal sørge for at alle barn får ein trygg og god barnehagekvardag.

Sentrale føringar

FNs barnekonvensjon gjeld som norsk lov og skal leggjast til grunn for alt arbeid for og med barn og ungdom. FNs barnekonvensjon slår fast at barn og unge har rett til utvikling, medverknad, ikkje-diskriminering, beskyttelse og sjølv-realisering. Krenkelsar og mobbing svekkar desse rettighetane.

Lov om barnehage

§1 Formål: Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfriheit, nestekjærligheit, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettighetane. Barna skal få utfalde skaperglede, undring og utforskartrang. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medvirkning tilpassa alder og forutsetningar.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. (Endret ved lov 19. des 2008 nr. 119. Ikr. 1 aug 2010 iflg. res.18 juni 2010 nr. 828).

Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver

Rammeplanen sier at «barnehagen har en samfunnsoppgave i tidlig forebygging av diskriminering og mobbing» og vidare at «*sosial kompetanse er vesentlig for å motvirke utvikling av problematferd som diskriminering og mobbing*». (...) Barnehagen skal sikre barna eit trygt miljø og skåne dei for fysisk og psykisk skade. Dei tilsatte skal ivareta barna, skape eit inkluderande miljø og arbeide for at dagens barnehagebarn verken opplever å bli krenket eller kjem til å krenke andre i morgon. I rammeplanen står det: «*Der hvor barns selvfølelse krenkes ligger kimen til hensynsløshet, mobbing og manglende empati*». (Barns trivsel-voksnes ansvar, Veileder om forebyggende arbeid mot mobbing i barnehagen – utgitt av Udir).

FNs barnekonvensjon slår fast at barn og unge har rett til utvikling, medvirkning, ikke-diskriminering, beskyttelse og selv-realisering. Krenkelsar og mobbing svekkar desse rettighetane

SJÅ

Kvart barn i barnehagen skal bli sett av dei vaksne kvar dag.

Det innebærer at den enkelte vaksne ser det enkelte barn, pratar med det og er opptatt av

korleis barnet har det i barnehagen.

MØT

Barnet skal bli møtt av vaksne som møter barnet ut frå barnet si utvikling, eigenskapar, interesser og modning. Dette er den vaksne sitt ansvar.

HØYR

Barnet skal oppleve vaksne som er opptatt av, og interessert i det. Den enkelte vaksne skal være open og tilgjengelig for å motta barnets meiningar, ytringar og formidling av ynskjer og behov. Dette gjeld både nonverbal og verbal kommunikasjon.

Kommunen sin visjon – Vang kommune skal vera ein god kommune å bu og vekse opp i, med gode tenestetilbod og aktive lokalsamfunn der kultur, nærleik, tradisjonar, mangfald og samarbeid står i fokus. Innbyggjarar og tilreisande skal oppleve trivsel og ei kjensle av å høyre til. Vi skal vera aktive i høve til endringar i samfunnet, ta grep om eiga utvikling og ha tru på framtida.

Ein god kommune - er ei ledestjerne for politisk og administrativt arbeid i kommunen.

Visjonen gjev og mening i arbeidet med det psykososiale miljøet i barnehagen. **Opplive trivsel** - peikar på at vi alle kan, og må bidra for å skape gode oppvekstmiljø. For å klare det må vi spele på lag med kvarandre – kommunen sin politiske- og administrativt leing, styrarar, pedagogiske leiarar, barnehagelærarar, assistentar, fagarbeidarar, andre ansatte i barnehagen, barnehagen sine samarbeidspartnarar og foresatte er alle betydningsfulle i dette arbeidet. **Kjensle av å høyre til**- understreka at kvart einaste barn har rett til eit godt og trygt psykososialt miljø i barnehagen. I det ligg og behovet for- og retten til å være del av eit fellesskap.

FØREBYGGE

Skape elt trygt psykososialt miljø i barnehagen.

AVDEKKE

Sjå og forstå når samspelsmønster i barnehagen kommer på avveie.

HANDLE

Sette inn tiltak som bidreg til positive samværsmonster og trygt psykososialt miljø.



Hovudmål

Barnehagane i Vang kommune har nulltoleranse mot krenking.

Delmål

Side | 5 Alle tilsette i barnehagane i Vang skal jobbe aktivt for å oppretthalde eit krenkefritt oppvekstmiljø i barnehagen

Krenking

Som fenomen er krenkelse grovt sett all opplevelse av ubehag og ydmykelse, forårsaket av eller via andre mennesker og menneskers systemer

I barnehageloven § 41 – Nulltoleranse og forebyggjande arbeid:

Barnehagen skal ikkje godta krenkelsar som for eksempel utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Alle som arbeidar i barnehagen, skal gripe inn når eit born i barnehagen vert utsett for sånne krenkelsar.

Enkeltepisodane ved krenkelsane kan være utan den systematikken som krevjast for at det skal vere mobbing. Samtidig som det er mobbing når krenkelsar vert gjentatt systematisk. Vidare kan det og vere trakassering og diskriminering når enkeltepisodar av krenkelsar knyttes til dei diskrimineringsgrunnlaga som er lovfesta i diskrimineringslovgjevninga.

Mobbing

Kva er mobbing?

- Mobbing er når ein person eller ei gruppe gjentatte gongar, og over tid, plagar og trakasserar eit offer
- Mobbing handlar om makt og avmakt, og det er eit skjeivt maktforhold mellom den som mobbar og den som vert mobba
- Mobbing blant småborn kan forebyggjes ved at vaksne er oppmerksame på det enkelte borns trivsel og på samværsmønstre i bornegruppa
- Mobbing i barnehagen kan stoppast av aktivt deltagande vaksne som grip inn når det er nødvendig

I «Mobbing i barnehagen – et hefte for deg som arbeider i barnehagen» skriver Barne- og Familiedepartementet: «Vilkårlig erting er ikke mobbing. Konflikter og enkelttilfeller av slåssing er heller ikke mobbing. Vi snakker altså ikke om mobbing når barn plutselig blir sinte på hverandre, tar leker fra hverandre eller springer opp i raseri over ett eller annet».

I den seinare tid har ein i større grad blitt merksame på at vaksnes atferd er avgjerande for korleis samspelsprosessar mellom barn utviklar seg. Som ein konsekvens av dette er at ansvaret for det psykososiale miljøet i barnehage og skule, ligg hjå dei vaksne.

Trygge vaksne som skapar trygge relasjonar og tilknytning til barna, gjev gode oppvekstmiljø. Den danske forskaren Marie Søndergaard beskriv mobbing som **sosiale prosesser på avveie**. Ho set dynamikken i inkluderings- og ekskluderingsprosessar i fokus.



Ut i frå dette perspektivet blir følgjande spørsmål viktige å besvare for å forstå mobbing:

- Kva er det som skjer når nokon vert halde utanfor?
- Korleis forstå dei sosiale prosessane i barnegruppa?
- Korleis får vi barn til å samarbeide til tross for ulikheiter?
- Kva må vi vaksne gjere for å skape trygge læringsmiljø i barnehage og skule?

Side | 6

I staden for å rette søkjelys på det enkelte barn blir hovudfokuset å sjå på relasjonane og kontekstane – vi går i frå å spørre «Kva er det som er galt med barnet» til «Kva er det i omgjevnadane rundt barnet som gjer at det går galt?» Når vi spør på denne måten vil svara dreie i frå diagnoser, individuelle eigenskapar hjå barnet og vaksnes definisjon av enkeltbarn til å stille spørsmål ved leiinga i barnehagen og skulen, heimemiljøet og kvalitetane i dei relasjonane som barnet har, eller ikkje har*.

Helgeland og Lund presenterar ein ny definisjon av mobbing:

«Mobbing av barn er handlinger fra vaksne og/eller barn som hindrer opplevelsen av å høre til, å være en betydningsfull person i fellesskapet og ha muligheten til medvirkning».

Helgeland og Lund sier vidare at barn er avhengige av at vaksne legg til rette for inkluderande miljø der den enkelte opplever seg som ein betydningsfull deltakar.

I inkluderande læringsmiljøer definerar ikkje dei vaksne barn sine handlingar som «ondsinna» eller rettleiar sårbarheit med «skjerp deg». Det handlar om at dei vaksne er ansvarlige for å forebygge at mobbing skjer, for å avdekke dei sosiale prosessane som er på avveie, for å stoppe uønska adferd og for oppfølging der vi ser at barn og unge trenger ekstra rettleiing og støtte i å håndtere både egne og andre sine følelsar.*

* Kildehenvisning: Anne Helgeland og Ingrid Lund (2017, 14. april). «Er du sikker på at det er så ille da? Litt erting må en jo tåle». Henta fra <https://www.aftenposten.no>

Vaksnes haldningar til mobbing i barnehagen har svært stor betydning. Dette gjeld både foreldre og tilsette. Alle vaksne får eit spesielt ansvar når vi går inn i barnehagen. Alle vaksne har ei plikt til å gripe inn dersom vi ser noko som ikkje er akseptabelt.

Vi veit frå forskning at det foregår mobbing i barnehagen. Vi må våge å sjå mobbing som skjer. Barna er avhengige av å ha vaksne som er tilstade og observante.

Dei tilsette skal vere aktive og tilstedeværande i barna sin leik og kvardag. Aktiv deltakelse vil gje innblikk i barna sin verden og fokuset flyttast frå å være kontrollerande til å verte observerande og deltakande.

Smart oppvekst i Vang

Kommunen skal legge til rette for eit trygt og godt barnehagemiljø. Det er eit auka fokus på tema handlingar og haldningar og auka fokus på overgang heim/barnehage, barnehage/skule, og samarbeid med føresette.

Vårt mål er å: Utvikle eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø i Vang, med robuste barn og unge som taklar medgang og motgang.



Vang kommune

Etat for utdanning og kultur

Smart oppvekst er eit styrkebasert arbeid for å gjera born og unge robuste og i stand til å møte og takle utfordringar i eit kompleks samfunn i stadig endring. Førebu dei på livsmeistring som eit nytt tema i den komande læreplanen. Tidleg og varig innsats.

- Bli kjent med dei styrkebaserte eigenkapane til *Smart Oppvekst*. Bruke verktøyet med dei 20 eigenskapane
- Bruke opplegget «Smart oppvekst» i barnehage og grunnskule i Vang som ein reiskap for å oppnå desse måla.

Side | 7



Dette ynskjer vi for borna og dei vaksne i våre barnehagar

- Vi har eit miljø der alle blir møtt med varme, anerkjenning og oppmuntring, slik at ein opplever seg sjølv som verdifull.
- Vi har eit miljø der alle respektera kvarandre for den ein er.
- Alle born skal ha venna og nokon å leike saman med.
- Alle skal oppleve barnehagen som ein trygg arena.
- Alle skal oppleve glede og trygghet i barnehagen
- Vi har eit oppvekstmiljø som styrkar bornas sjølvfølelse- og som gjer borna godt rusta til å møte verda utanfor.
- Personalet skal være bevisst på sitt ansvar om å forebygge og sette inn tiltak mot mobbing i barnehagen.
- Gode overgangar frå småbarn- til storbarnsavdeling, frå barnehage til skule.



Forebygge

Det er barnehagen sitt ansvar å arbeide aktivt med forebyggende tiltak gjennom heile barnehageåret.

BARNEHAGEN SKAL ARBEIDE AKTIVT FOR Å ETABLERE FELLES PLATTFORM, FELLES HALDNINGAR OG FELLES FORSTÅELSE I PERSONALGRUPPA.

I praksis betyr det å jobbe for at dei tilsatte har:

- Bevisstheit rundt vaksenansvaret og vaksenrolla i barnehagen
- Kunnskap om sosiale samspelsprosessar og evne til å observere og analysere samspel i barnegruppa
- Kompetanse ift sårbare barn
- Felles syn på barn
- Felles reglar
- Felles måte å reagere på
- Kollegarettleing
- Refleksjon og åpenhet rundt vaksenrolla

Dette tileigna ein seg blant anna gjennom drøftingar i kollegiet knyttet til:

- Kva er det som skjer når noen holdes utenfor?
- Korleis forstå dei sosiale prosessene i barnegruppa?
- Korleis får vi barn til å samarbeide til tross for ulikheiter?
- Kva må vi vaksne gjere for å skape trygge læringsmiljø i barnehagen?

BARNEHAGEN SKAL ARBEIDE MÅLRETTA FOR Å OPPNÅ GODE RELASJONAR OG POSITIVT SAMSPEL MELLOM BARNA, OG FOR AT ALLE BARN SKAL OPPLEVE VENNSKAP I BARNEHAGEN.

I praksis betyr det at:

- Barnehagen kartlegg om kvart enkelt barn har venner i barnehagen ved bruk av observasjon og samtale med barn og foresatte
- Vennskap er tema i barnegruppene
- Det legges til rette for leikegrupper for å sikre alle barn deltakelse i lek og samspill, og for å bidra til utvikling av barna sine samspelsferdigheitar
- Barnehagen har eit bevisst forhold til gruppeinndelingar i ulike kvardagssituasjonar

BARNEHAGEN SKAL ARBEIDE MÅLRETTA FOR AT ALLE BARN SKAL BLI INKLUDERT I LEK OG FELLESSKAP

I praksis betyr dette at:

- Det fysiske miljøet er tilrettelagt for lek
- Barnehagen jobbar systematisk med å skape felles opplevingar blant barna
- Barnehagen har ei positiv haldning til ulikheit, og stimulerar til aksept og toleranse
- Alle planar tar omsyn til barnas ulike forutsetningar
- Barnehagen planlegger aktivitetar som alle kan delta i

BARNEHAGEN SKAL ARBEIDE MED KOMMUNIKASJON OG SPRÅK

I praksis betyr det at:

- Dei vaksne i barnehagen involverar seg i kvardagssituasjonar og leiksituasjonar med barna, samtalar med barna om det som skjer og hjelper barna med å tolke og sette ord på kroppsspråk, tankar og følelsar
- Dei vaksne er språkmodeller, aktivt språklige vaksne stimulerar til aktivt språklige barn
- Barnehagen gjennomfører «språksamlingar»; arbeider med språkstimulering i smågrupper for alle aldersgrupper, slik at kvart enkelt barn blir sett og hørt
- Barna blir lest for

BARNEHAGEN SKAL ARBEIDE MÅLBEVISST MED SOSIAL KOMPETANSE

I praksis betyr dette arbeid for å utvikle barnas evne til:

- Selvhevdelse, selvkontroll, samarbeid, ansvar og empati
- Barnehagen bekreftar barna sin identitet og bygger opp under elt godt selvbilde
- Barnehagen sikrar barnet tidlige og gode relasjonserfaringar

BARNEHAGEN SKAL ETTERSTREBE EIT GJENSIDIG OG ÅPENT SAMARBEID MELLOM BARNEHAGE OG FORESATT

I praksis betyr dette at barnehagen arbeidar aktivt med følgjande virkemidlar:

- Gode tilvenningsrutiner
- Primærkontakt
- Foreldremøter
- Foreldresamtalar
- Felles arrangement for foresatte (foreldremøte)
- Barnehagen tek opp bekymringar på eit så tidlig som mulig tidspunkt

«Det er barnehagens ansvar å arbeide aktivt med forebyggende tiltak gjennom heile barnehageåret».



Avdekke

Korleis avdekker barnehagen at sosiale samspelsprosessar er på avveie?

KVA?	ANSVAR
Samspal og samspelsprosessar i barnegruppa er tema i barnehagen sine personal-/avdelingsmøter og plandagar.	Styrrar
Samspel og krenkande adferd/mobbing er tema i samlingsstund og/eller andre aktivitetar i barnehagen.	Pedagogisk leiar
Sosiale samspelsprosessar og relasjonar i barnegruppa og mellom det enkelte barnet og dei andre barna/vaksne er tema i foreldresamtalen.	Pedagogisk leiar
Sosiale samspelsprosessar er tema på foreldremøte om hausten. Handlingsplanen gjennomgås i møtet	Styrrar
Barnehagen har til ei kvar tid nok oppmerksomme vaksne blant barna.	Styrrar/alle tilsette
Melding frå barn, foresatte og ansatte om samspelsprosessar på avveie blir alltid tatt alvorlig og utløyser analyse og handling. Barn som forteller om plaging og mobbing får anerkjennelse for at dei formidlar dette. Barnehagen gjev foresatte og barnet ei tilbakemelding så raskt som mulig, og seinast innan tre dagar om kva barnehagen vil gjere for å følge opp bekymringa.	Styrrar/alle tilsette



Handle

Kva gjør barnehagen når samspillsprosesser er på avveie og et barn har blitt utsatt for krenkelser?

Side | 10

	KVA?	ANSVAR	FRIST ETTER HENVENDELSE
1.	Den som har observert eller observerar krenkelsar grip inn i situasjonen, og informerar pedagogisk leiar/styrar straks med konkrete beskrivelsar av den voksnes tolkning om kva som har skjedd og kven som har vært involvert.	Den som observerar	Utan unødig opphald
2.	Snakkar med barna som har vært involvert. Dersom det er fleire som har utført handlinga skal ein snakke med ein og ein om gangen, vær tydelig på kva samspelsmønster som må opphøyre og bidra til at barna forstår kvifor. Rettleie barna ift andre mulige måtar å være saman på. La barnet/barna få anledning til å gjere det godt igjen.	Den som står barnet/barna nærast	Utan unødig opphald
3.	Snakkar med foreldrene til dei involverte.	Ped.leiar/styrar	Utan unødig opphald
4.	Det foretas ei analyse av samspelsmønster for å forstå dei sosiale prosessane. Kva er det som skjer? Kva er sannsynlige bakenforliggende årsaker? Korleis får vi barna til å samarbeide på ein anna måte? Kva må vi vaksne gjere for å skape trygge læringsmiljø i barnehage (og skule)?	Ped.leiar/styrar	Utan unødig opphald
5.	På bakgrunn av analysen utarbeidasr ein tiltaksplan for kvart av barna som har vært involvert, planane synleggjer tiltak som settes inn.	Ped.leiar/styrar	3 dagar
6.	Vurderar om «vennskap og korleis vi er saman», skal tematiserast i avdelinga, for eksempel ved å ta dette opp i samlingsstund, samtalar i små grupper el.	Ped.leiar	
7.	Dei involverte barna følges tett opp i ei periode, daglig dersom det er hensiktsmessig.	Ped.leiar og øvrige tilsette	Min. to veker



Vang kommune

Etat for utdanning og kultur

Side | 11

8.	Evaluering på avdelingsmøte etter to veker, evalueringssamtale med involverte barn og evalueringssamtale med foresatte.	Ped.leiar	Etter to veker
9.	Situasjonen følges opp heilt til det er slutt på handlingane.	Ped.leiar	Så lenge barnet/foresatte/barnehagen vurderer at det er nødvendig
10.	Når barnehagen ynskjer meir kompetanse, kobles administrasjonen inn.	Ped.leiar/styrar	
11.	Dokumentasjon: Barnehagen dokumenterer kontakt med barn og foresatte vedrørende krenkelsar og mobbing. Foresatte har innsyn og gis anledning til å komme med bemerkningar til møtereferat	Ped.leiar/styrar	Kontinuerlig
12.	Når arbeidet med ei sak knytta til krenkelse/mobbing avsluttast drøftar barnehagen og involverte partar korleis saken vart håndtert. Dette for å bli endå bedre neste gang det oppstår ein liknande situasjon.	Ped.leiar/styrar	



Kontinuitet og systematikk i barnehagens arbeid

Arbeidet mot krenkende adferd er viktig og må være en del av den daglige virksomheten i barnehagen. Arbeidet må være systematisk. Prinsippet er at problemer blir løst på lavest mulig nivå.

Side | 12

Når?	Kva?	Ansvar
Haust	Gå igjennom planen i personalgruppa	Styrrar
	Gå igjennom handlingsplanen med foresatte Informere om Innsatsteam og andre tverrfaglige samarbeid. Informere om SmartOppvekst.	Styrrar
	Eigenkontroll av det psykososiale miljøet i barnehagen (vedlegg 1/2/3/4)	Styrrar/ped.leiarar
	Snakke om samspel og inkludering i barnegruppa	Styrrar/ped.leiarar
Vår	Snakke om samspel og inkludering i barnegruppa	Styrrar/ped.leiarar
	Eigenkontroll av det psykososiale miljøet i barnehagen (vedlegg 1/2/3/4)	Styrrar
	Egenrapportering – oppvekstmiljøet i barnehagen – vedlegg 4	Styrrar



Tips om litteratur til arbeidet

Det er viktig med rettleiing og trening. Studie tilseier at ein lærer omtrent 70 % meir om ein deltek aktivt i trening og rettleiing enn om ein kun les teori. Ein kan bruke boka «Mobbeatferd i barnehagen» til for eksempel trening. Det er viktig med systematisk rettleiing og trening i arbeidet i barnehagen.

Litteratur for dei vaksne:

- Ingrid Lund: Tydlige vaksne
- Ella Cosmovici Idsø: Mobbeatferd i barnehagen, Temaforståelse – forebygging - tiltak
- Kari Lamer: Sosial kompetanse. Teoribok, håndbok
- Barns trivsel, voksnes ansvar: Forebyggende arbeid mot mobbing starter i barnehagen (Utdanningsdirektoratet)
- Berit Bae: Det interessante i det alminnelige
- Reidar Pettersen: Mobbing i barnehagen.
- Jesper Juul: Det kompetente barnet
- Jesper Juul: Frå lydighet til ansvarlighet
- Barne og fam.dep. 2002: Mobbing i barnehagen
- Kari Pape: Fra ord til handling-fra handlig til ord
- Kari Pape Fra plan til praksis 1+2+3
- Rammeplan for barnehagen (2017)
- Barnehagelova

Litteratur for barna:

- Tor Åge Bringsværd Karsten liker å danse
- Tor Åge Bringsværd Ruffen-sjøormen som ikke kunne svømme
- Tone Lie Bøttinger Min storebror apen
- Palm og Stoltenberg Ti små vennebøker og kosedyr – pinnsvin og hare
- Paul Leer Salvesen Fy fabian
- Ann De Bode Det er alltid meg de skal ta
- Lena Klefeldt Otto og Joppa
- Ulf Nilsson Den lille gutten og løven
- Gunn-Britt Sundstøm Gutten i supermanddrakten
- Birgitta Stenberg Billy og sinte Lotta
- Birgitta Stenberg Bjørn drar på landet
- Trond Brønne Petter og månen
- Gunilla Bergstrøm Albert og udyret
- Gunilla Bergstrøm Hvem kan redde Albert Åberg
- Mette Cecilie Newth Lille Skrekk
- Rikke Mølbak Skal vi være venner
- Camilla Otterlei Kunsten å møte en bjørn

Nyttig lesestoff om kartlegging av arbeidsmiljøet

- Peter Chr. Koren og Preben H. Lindøe (2008).Metoder for bedre arbeidsmiljø. Involvering og gode prosesser. Gyldendal Arbeidsliv.
- Ebba Wergeland og Paul Norber (2006). Verneombudet . Gyldendal Arbeidsliv



Sjekkliste 1 barnehagens oppvekstmiljø vedlegg 1

Side | 14

Spørsmål:	Ja-alltid	Ja-oftast	Nei-sjeldent	Nei-aldri
Er vaksne i vår barnehage anerkjennande og støttande i forhold til borns initiativ?				
Blir alle born lagt merke til i like stor grad, uavhengig av type personlighet?				
Får nokon stadig negativ oppmerksomhet frå oss vaksne-meir enn andre born?				
Får nokon stadig positiv oppmerksomhet frå oss vaksne- meir enn andre born?				
Kan ein sjå at det har blitt eit «mønster» i at vi vaksne har lettare for å tru på nokre borns forklaring på konflikt enn andre i barnegruppa?				
Er det nokon born i gruppa som vi vaksne tar meir kontakt med – og finn på fleire aktivitetar med enn andre born?				
Er det nokon born i gruppa som vi vaksne tar lite kontakt med – og sjelden tek initiativ til aktivitetar med?				
Klare vi å involvere alle borna i felleskapet- for eksempel praten rundt bordet?				
Har vi vaksne større tålmod med enkelte barn i gruppa enn andre, når det gjeld å følgje dei opp/hjelpe dei?				
Blir nokre born raskt avbrutt/avvist av oss vaksne enn andre når dei tek kontakt med oss?				
Er alle vaksne bevisste på at born ikkje alltid klarer å skille spøk/ironi? (Være forsiktig med bruk av ironi ifht barn som ikkje forstår dette)				

- Utfyllande svar på kan skrivast på eige ark.



Sjekkliste 2- Barnehagens oppvekstmiljø - miljøet i barnehagen vedlegg 2

Side | 15

Spørsmål:	Ja-alltid	Ja-oftast	Nei-sjelden	Nei-aldri
Er miljøet i vår barnehage prega av gjensidig omsorg, anerkjennelse, varme og respekt?				
Er samspelet borna imellom prega av likeverdighet og vekslig av kven som bestemmer og kven som til ei kvar tid får være med?				
Er det ein trygg og god tone prega av humor, spontanitet, oppmuntring og glede?				



Sjekkliste 3 Psykososialt arbeidsmiljø VAKSNE vedlegg 3

Side | 16

Spørsmål:	Ja-alltid	Ja-oftest	Nei-sjelden	Nei-aldri
Er miljøet blant dei vaksne i vår barnehage prega av gjensidig omsorg, anerkjennelse, varme og respekt?				
Er det behov for arbeidsmiljøkartlegging i vår barnehage?				
Er det ein trygg og god tone prega av humor, spontanitet, oppmuntring og glede på jobb?				

Egenrapportering – oppvekstmiljøet i barnehagen – vedlegg 4

Faste tiltak	Gjennomført: JA	NEI
Personalgruppa har jobbet med sjekklista for barnehagens oppvekstmiljø.		
Planen er gjennomgått med alle i personalgruppa i løpet av inneværende barnehageår.		
Relasjonskartlegging voksen/barn -barn/barn		
Foreldre til alle barn er gjort kjent med planen inneværende barnehageår.		
Krenkelser og mobbing har vært tema på avdelingsmøter		
Barnehagen har fulgt prosedyrene på side 10 i denne planen («Handle») i konkrete saker.		
Om ja – kor mange saker:		



Vang kommune

Etat for utdanning og kultur

Tiltaksplan for å sikre eit trygt og godt barnehagemiljø vedlegg 5

Lov om barnehager § 42:

«Ved mistanke om, eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarast undersøke saken»

Når eit barn eller foreldrene sier at barnet ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finns eigna tiltak, sørge for at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø. Det same gjeld når ein undersøkelse som barnehagen sjølv har satt i gang, viser at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Tiltaka skal veljast på grunnlag av ein konkret og fagleg vurdering.

Alle som arbeider i barnehagen, skal melde ifrå til barnehagen sin styrar dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikke har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Styrar skal melde i frå til barnehageeigar i alvorlige tilfeller.



Vang kommune

Etat for utdanning og kultur

Mal:

Barnehage og avdeling:	
Namn:	
Ansvarleg for revidering av planen:	
Dato oppretta:	
Sist revidert:	

Side | 1

Bakgrunn:

1) Tiltaka skal løyse følgjande utfordring knytt til barnehagemiljøet:

2) Tiltaksoversikt

Tiltak nr.	Beskriving av tiltaket	Ansvarleg (Namn)	Barnet har medverka (dato)	Føresette har medverka (dato)	Tiltaket er iverksett (dato)	Tiltaket skal evaluerast (dato)	Barnet og føresette har stdfesta at barnet har det trygt og godt (dato)	Tiltaket er avslutta (dato og signatur)	Avtalt nytt sjekkpunkt (dato)



Vang kommune

Etat for utdanning og kultur

Intervjuguide for barnesamtalar (bruk eit ordforråd som borna skjønar) vedlegg 6

Møtedato: _____ År: _____

Tilstades på møte var: _____

HOVUDTEMA SOM GÅR PÅ TRIVSEL:	JA	NEI	Utfyllande svar;
<ul style="list-style-type: none">• Likar du deg i barnehagen?• Kan du seie noko korleis det er i barnehagen når det er artig/gøy.• Kan du seie noko om korleis det er i barnehagen når det er kjedeleg?• Er det noko som er trist?• Er det noko som er skummelt?			
<ul style="list-style-type: none">• Når er du mest glad i barnehagen?• Er det nokon gong du er redd i barnehagen?• Kan du fortelje noko om korleis du har det når du er redd i barnehagen?			
<ul style="list-style-type: none">• Kva likar du aller mest å gjer på når du er i barnehagen?• Kva likar du minst å gjere i barnehagen?• Inne /ute			
<ul style="list-style-type: none">• Er det noko du kunne tenkje deg å gjere meir av i barnehagen?• Kva?			
<ul style="list-style-type: none">• Kva får du vera med å bestemme i barnehagen?			
Vennskap barn - barn:			
<ul style="list-style-type: none">• Har du nokon å leike med barnehagen?			



Vang kommune

Etat for utdanning og kultur

Side | 1

<ul style="list-style-type: none">• Nemn to som du helst vil leike med i barnehagen ?			
<ul style="list-style-type: none">• Likar du å leike einsleg i barnehagen?			
<ul style="list-style-type: none">• Er det nokon i barnehagen som blir mobba slik at dei blir leie seg?			
<ul style="list-style-type: none">• Blir du mobba i barnehagen slik at du blir lei deg?			
Barn - vaksen:			
<ul style="list-style-type: none">• Får du hjelp av vaksne når du treng det?			
<ul style="list-style-type: none">• Får du trøst av vaksne når du er lei deg?			
<ul style="list-style-type: none">• Er dei vaksne sinte?			
Kvifor blir dei sinte trur du?			
<ul style="list-style-type: none">• Kva likar du å gjere saman med vaksne i barnehagen?			
Er det noko meir du har lyst til å fortelje om?			



Intervjuguide for vaksne, gjerne i medarbeidarmøter og til refleksjon på personalmøter Vedlegg 7

Møtedato: _____ År: _____

Tilstades på møte var: _____

Side | 2

Personleg intervju om mobbing/krenking i barnehagen	JA	NEI	Utfyllande svar;
Kva er mobbing mellom barn, for deg?			
Har du opplevd mobbing/krenking mellom barn i barnehagen?			
Er mobbing/krenking eit tema de jobbar med i barnehagen? Korleis?			
Ser du forskjell i alder? (hyppigheit og type mobbing)			
Ser du forskjell i kjønn?			
Kvar opplever du at dei har det i frå? (media, søsken, foreldre, spel..)			
Kva gjere du når det skjer der og då? (utestenging til dømes)			
Er det noko meir du har lyst til å fortelje om?			



Eksempel på utfylling av relasjonsskjema barn-vaksen vedlegg 8

Utfylling av ein slik relasjonstabell er for at dei tilsette i barnehagen skal vera bevisst sine relasjonar til barna. Viktig å fange opp om ein ikkje har god relason, og då gjere om på praksis av korleis ein får relasjon til barn som er i farge blå og svart. Effektiv måte å dokumentere på. Er det slik at eit eller fleire barn har blå eller svart farge skal ein arbeide for å endre denne fargen.

	Ansatt 1	Ansatt 2	Ansatt 3	Ansatt 4	Ansatt 5
Per	Green	Green	Green	Green	Green
Pia	Red	Green	Green	Blue	Green
Knut	Black	Black	Black	Black	Red
Mari	Blue	Green	Blue	Green	Blue

■ Barn du har en helt utmerket relasjon med
■ Barn som du føler det er spesielt lett å elske og som du kanskje gir privilegier
■ Barn som sjelden tar kontakt med deg og som du sjelden tar kontakt med
■ Barnet du ikke alltid forstår og som får det til å koke over i deg



Eksempel på kartleggings skjema- Relasjonar- Vedlegg 9

Kartleggings skjema Relasjoner

Type kontakt	Kommentarar:
Tar positiv kontakt, får positiv respons (v)	
Tar positiv kontakt, får negativ respons (v)	
Får ein Positiv henvendelse	
Får ein Negativ henvendelse	
Ignorering av barnets initiativ	
Tek negativ kontakt (v)	
Tek negativ kontakt (f)	
Gjør ordre	
Forstyrer leiken	
Avbryt	
Seier noe positivt til andre	
Tar kontakt med vaksne	
Skifter leik	
Ignorerer vaksne	